

Til læraren

Rapp er ein musikksjanger alle ungdommar kjenner til. I dette undervisingsopplegget får elevane møte ein sakprosa tekst som handlar om ei dansk rapp-gruppe. Opplegget er laga for å engasjere ungdommane gjennom ulike reflekterande og praktiske oppgåver, som ulike leseaktivitetar, diskusjonar og kreative skriveoppgåver. Målet er å gje elevane eit godt og lærerikt møte med sakprosa.

Faktafyk 2025

Oppvarmingsspørsmål, to og to saman

- Kva skil ein saktekst frå ein skjønnlitterær tekst?
- Kor mange saktekstar les du dagleg?
- Kvifor er det å kunne lese saktekstar ein viktig kompetanse?
- Samtal om påstanden “Det er viktigare å vere kritisk til saktekstar enn til skjønnlitterære tekstar.”

Før vi les


Faktafyk er eit sakprosamagasin for ungdom.

- 1) Kva er egentleg sakprosa?
- 2) Kva slags typar tekstar trur du magasinet inneheld?
- 3) Om du skulle lage eit sakprosamagasin for ungdom, kva skulle tekstane ha handla om?
- 4) Kva slags type sakprosa likar du å lese, og kvifor?

Korleis kjenne att teksttypen og lese han effektivt?

To og to saman

- 1) Kva slags type tekst er dette? Korleis kom du fram til svaret ditt?
- 2) Bruk BISON-overblikket på teksten for å få eit raskt oversyn over han.
- 3) Usikker på kva BISON-overblikket viser til?



To og to saman

Kva fann du ut om teksten etter å ha brukt BISON-blikket på han?

Sjanger og kjenneteikn

To og to saman

- 1) Kvifor kan vi kalle teksten vi skal lese, ein samansett tekst? Kva slags ulike element eller modalitetar består denne teksten av?
- 2) Kva slags funksjon spelar bileta i teksten?
- 3) Korleis hadde teksten endra seg om bileta og den store overskrifta vart tekne vekk?
- 4) Mange unge liker å lese samansette tekstar betre enn reine verbaltekstar, kvifor det, trur du?
- 5) Vi veit at vi skal lese ein saktekst som er skriven som ein samansett tekst, men kva slags sjanger er teksten skriven i? Slå opp i norskboka, og prøv å finne ut svaret.

Vi les teksten høgt i klassa

Fokusområde medan vi les

- 1) Kven er det som blir intervjuet?
- 2) Kvifor blir dei intervjuet?
- 3) Kvifor er dei aktuelle?
- 4) Kva er budskapet deira?

Les teksten stille for deg sjølv

Svar på spørsmåla skriftleg når du er ferdig med å lese. Hugs å svare i heile setningar.

- 1) Kven er det som blir intervjuet?
- 2) Kvifor blir dei intervjuet?
- 3) Kvifor er gruppa aktuell?
- 4) Kva er budskapet deira?

Ferdig? Gå saman to og to, og samtal om spørsmåla før dokker går gjennom dei samla i klassa.

Samtale- og skriveoppgåver 1

Teksten vi har lese, handlar om ei dansk rappgruppe.

- 1) Kjenner du til dansk eller svensk rapp? Kva slags songar eller grupper kjenner du i så tilfelle til?
- 2) Om ikkje: Kunne du ha høyrte på dansk eller svensk rapp? Kvifor, kvifor ikkje?
- 3) Finn ein rapptekst skriven av ei dansk eller svensk rappgruppe. Skjønner du kva som står i teksten? Skriv ned ti ord du forstår godt, og ti ord du ikkje forstår.
Gå gjennom orda med læringspartnaren din. Har dokker skrive ned dei same orda?
- 4) Finn ut kva dei ukjende danske eller svenske orda tyder.

Samtale- og skriveoppgåver 2

- a) Rapp er ein av dei mest populære musikksgangane for ungdom. Kvifor trur du det er slik?
- b) Ta stilling til påstanden: “Rapp har ei heilt anna slagkraft enn pop.”
- c) Kva er det som kjenneteiknar ein god rapp-låt, synest du?
- d) Skriv ei liste med dei fem beste rapp-låtane. Les opp lista du har skrive, til sidemannen.
Om dokker får tid: Gå saman og lag ei spotify-liste med dei beste rapp-låtane.

Skriv ein rapp-tekst

- 1) Set dokker saman i grupper på to og to. Skriv forslag til ein rapp-tekst som handlar om å vere ungdom i 2025. Nærles det som står skrive i kjeldeteksten om korleis Hunnid22 gjekk fram for å skrive rapp.
- a) Avgjer kva som skal vere budskapet i rappen dokkar.
- b) Kva slags verkemiddel vil dokker ta i bruk i skrivinga?
Jobb ekstra godt med å få til eit godt refreng. Om dokker får tid: Tonesett rappen.
Sjå neste side for tips til nyttige sider du kan ta i bruk i arbeidet.

Tips

Sjå [her](#) for tips til korleis du kan bruke ordboka som eit kreativt verktøy i skrivinga. Bruk GarageBand, SoundTrap eller eit anna gratisprogram til å lage lydkulisse for rappen.

Ferdig? Øv på å formidle rappen og framfør han for klassa, eller spel inn ein kreativ musikkvideo.

Skriveoppdrag

Skriv ein reflekterande tekst med overskrifta “Fridommen til å vere seg sjølv”. Du vel sjølv vinklinga på teksten. Hugs å grunngje synspunkta dine og flette inn eksempel.

Førebuing

Kva inneber det å reflektere? Veit du korleis du kan skrive reflekterande tekstar? Korleis kan du strukturere ein slik tekst for å få fram tankar og refleksjonar på ein god måte? Be læraren din om hjelp.